



Høyringsuttale til søknad om konsesjon for regulering av Ytre Skreåvatn

LØPENR/SAKSNR: 16141/2017-2017/581	SAKSBEHANDLER: Sven Sandvik	DATO: 26.10.2017
---------------------------------------	--------------------------------	---------------------

UTV.SAKSNR: 17/127	UTVALG: Utvalg for teknikk, landbruk og miljø	MØTEDATO: 14.11.2017
-----------------------	--	-------------------------

Bakgrunn

Sira-Kvina har i tråd med den frivillige avtalen som er inngått med kommunen søkt NVE om konsesjon for å regulere Ytre Skreåvatn. Føremålet er å sikre vassføring i Skreå og Sira og redusere produksjonstap knytt til slepp av vatn frå dam Handeland.

NVE har lagt konsesjonssøknaden ut på høyring med frist 15. november. Konsesjonssøknaden er vedlagt.

Historisk bakgrunn

Det vart under Stortinget si konsesjonsbehandling i 1963 fremma forslag om minstevassføring i Sira for å sikre vassforsyninga til befolkninga og kloakkavløp, med meir. Men, forslaget (som fekk 20 stemmer) falt, og konsesjonen vart gitt utan krav til minstevassføring.

Dei to første aggregata i Tonstad kraftverk vart offisielt opna den 1. oktober 1968. Sirdal kommune la same året fram krav om minstevassføring i Sira. Sira-Kvina kraftselskap ville ikkje gå med på kravet. Saka vart lagt fram for Industridepartementet, avslått og anka til Kongen. Partane vart i eit møte i Industridepartementet samde om at anken til Kongen skulle leggjast til side førebels, medan ein studerte verknadane av vassdragsinngrepa nærare. Sirdal kommune tok opp att kravet eit par år seinare i samband med 4. byggetrinn, men Industridepartementet meinte framleis at spørsmålet måtte vente. I høve departementet kunne kommunen eventuelt ta det opp att når verknadane av reguleringa var klarlagt.

I samband med søknaden om utviding av Tonstad kraftverk og med bakgrunn i kommunen sin anke til Kongen i 1969, vart det i 1984 inngått ein overeinskomst mellom Sira-Kvina og Sirdal kommune. I høve overeinskomsten skulle Sira-Kvina etablere eit ca. 2,5 Mm³ stort magasin i Ytre Skreåvatn for slepp av vatn i dei tørraste sumarmånadane.

Sira-Kvina søkte i 1985 og fekk konsesjon til å regulera Ytre Skreåvatn i 1989, men prosjektet vart av uvisse årsaker ikkje realisert. Vatnet har i plassen vorte sleppt frå dam Handeland.

Sira-Kvina må no søkje om ny konsesjon, då konsesjonen frå 1989 ikkje er gyldig lenger.

Frivillig avtale

I den frivillige avtalen som vart underteikna i august 2016, står det følgjande om regulering av Ytre Skreåvatn:

«Under forutsetning om at Sira-Kvina kraftselskap får konsesjon, skal det bygges en reguleringsdam på Ytre Skreåvatn for minstevannføring i Skreå, og strekning i Sira fra Omlid til Sirdalsvatn. Konsesjon for tiltak gitt 13.10.1989 må fornyes. Krav til minimumsvannføring målt Rekevik i Sira: 2 m³/s i perioden 1. juni - 31. august og 1 m³/s i perioden 1. september – 31. mai. Sira-Kvina kraftselskap skal sende konsesjonssøknad til NVE innen 2016. Søknaden skal søkes innarbeidet som en del av behandlingsgrunnlaget til vilkårsrevisjonen.

Det skal etableres et overvåkingsprogram for Sira. Dette programmet skal starte opp i 2016. Hvis det viser seg at funksjonsmålene for vassdragsavsnittet ikke blir nådd skal Sira-Kvina bidra til ytterligere forskning og tiltak i den hensikt å nå målene. Evaluering av måloppnåelse skal ha startet opp innen 5 år etter at nytt vannføringsregime er satt i gang.»

Høring av revisjonsdokumentet

Kommunestyret har i sin uttale til revisjonsdokumentet i juni 2016, uttala følgende:

«Sirdal kommune ber NVE legge til grunn den frivillige avtalen som kommunen og Sira-Kvina kraftselskap har forhandla fram i fellesskap. Avtalen syner kva for løysingar partane har vorte samde om lokalt. Avtalen byggjer på eit solid kunnskapsgrunnlag.

Kommunen vil særleg understreke tydinga av at det vert etablert eit minstevassføringsmagasin i Ytre Skreåvatn for å rette opp situasjonen med manglande minstevassføring i Skreå og Sira frå Omlid til Sirdalsvatn. Kommunen ber NVE innarbeide søknaden om ny konsesjon som del av behandlingsgrunnlaget til vilkårsrevisjonen og innvilga søknaden. Kommunen ber NVE formulere konsesjonsvilkåra slik at dei gjev rom for justering av nivå og tidspunkt for minstevassføringa.»

Meir om tiltaket

Innsjøane i heiane rett nord for Skreå vart overført til Gravvatn i samband med Sira-Kvina utbygginga. Desse utgjer omlag halvparten av det naturlige nedbørsfeltet til Skreå (målt ved utløpet til Sira). Når innsjøane vart overført, mista ein også den utjamnande effekten desse hadde på tilsiget til Skreå. I høve Terrateknikk (notat nr. 20b -2012) er vassføringa i Skreå difor langt dårlegare utjamna og pendlar langt meir enn det som må ha vore tilfellet før Sira-Kvina utbygginga.



Kartet syner korleis delar av nedbørsfeltet til Skreå er overført i tunell via Smogvatn til Gravvatn. Skreådalen og Ytre Skreåvatn er ringa inn med raudt. Kartet er henta frå konsesjonssøknaden.

Føremålet med reguleringa av Ytre Skreåvatn er å halda att delar av restfeltet til Skreå og nytte dette til slepp av minstevatn i Skreå og Sira.

Det føreligg to alternative løysingar. Alternativ 1. er å bore ei 240 m lang sjakt inn til botnen av vatnet, slik at det kan senkast inntil 8 m under naturleg vasstand. Alternativ 2. er å bygge ein 5 m høg dam ved utløpet til Ytre Skreåvatn slik at vatnet kan hevast 5 m over naturleg vasstand. Det er for begge alternativ planlagt å innføre ein magasinrestriksjon på den lågaste regulerbare meteren i magasinet. Denne skal reserverast til tapping av minstevatn til Skreå.

Målsettinga for Skreå er ei minstevassføring på 50 l/s heile året, målt rett nedanfor Ytre Skreåvatn. For Sira er den frivillige avtalen sitt krav til minimumsvassføring målt Rekevik lagt til grunn. Det vil sei: 2 m³/s i perioden 1. juni – 31. august og 1 m³/s i perioden 1. september – 31. mai. For å oppnå dette er det i konsesjonssøknaden lagt til grunn at eit slepp frå Ytre Skreåvatn på 5 Mm³/år må supplerast med eit slepp på 3,3 Mm³/år frå dam Handeland. Reguleringa av Ytre Skreåvatn vil i så høve spare produksjonsvatn tilsvarende 5,3 GWh/år.

Det er ikkje behov for å etablere massetak eller deponi i samband med utbygginga.

Det er frå før godkjent ein landbruksveg frå Skreå til Hallarkvæven. I alternativ 1. skal det byggast omlag 1 km ny permanent veg opp frå landbruksvegen til utløpet av sjakta. I alternativ 2. skal det byggast ein midlertidig anleggsveg frå landbruksvegen og opp til utløpet av Ytre Skreåvatn.

Begge alternativa står i høve konsekvensvurderinga fram som lite konfliktfylte totalt sett. Dei er begge vurdert å ha liten til middels negativ konsekvens for landskap og liten negativ konsekvens for friluftsliv.

Reguleringa vil gi ei merkbar flaumdemping rett nedstrøms dammen/utløpet til sjakta, men lenger nede i Skreå vert restfeltet dominerande.

Alternativ 1. med sjakt og nedtapping er det alternativet som gjev størst reguleringsvolum og størst innsparing av produksjonsvatn ved dam Handeland. Det er også de billigaste alternativet.

Vurdering

Reguleringa av Ytre Skreåvatn er eit positivt tiltak som bidreg til minstevassføring i Skreå og Sira og reduserer behovet for slepp av produksjonsvatn frå dam Handeland. Tiltaket inngår som ein viktig del av den frivillige avtalen mellom Sirdal kommune og Sira-Kvina.

Rådmannen meiner at alternativ 1. med sjakt og nedtapping er det beste. Dette gjev størst reguleringsvolum og størst innsparing av produksjonsvatn ved dam Handeland. Det er også de billigaste alternativet.

Justering av minstevassføringa

Kommunestyret har i uttalen til revisjonsdokumentet bede NVE utforme konsesjonsvilkåra slik at dei opnar for ei justering av nivå og tidspunkt for minstevassføringa i Sira. Kommunen har hatt ei pragmatisk tilnærming til spørsmålet om slepp av produksjonsvatn. Ein har vore oppteken av å nytte vatnet der ein får mest att for det i form av forbetringar for miljø, landskap og friluftsliv. Det har ikkje vore i kommunen si interesse å sløse med produksjonsvatnet.

Ein ville, til eksempel, måtte sleppa mykje vatn for å få Sira til å stå fram som noko anna enn ein serie med terskelbasseng, samankopla av ei tynn vasstreng. Med omsyn til samfunnsøkonomi, nasjonal forsyningssikkerheit og vurderingar av kva det er realistisk å få gjennomslag for, har kommunen valt å leggje seg på eit minimumsnivå i Sira. Ein har i utgangspunktet ikkje bede Sira-Kvina sleppe meir vatn enn det som må til for å oppretthalde

elva sin grunnleggjande funksjon som resipient og leveområde for fisk og andre vassorganismar. Minimumsvassføringa som er lagt til grunn i den frivillige avtalen er ikkje anna enn ei godt kvalifisert gjetting. Dette er eit nivå Sira-Kvina reknar med vil vera tilstrekkelig for å få god vasskvalitet og oppfylle funksjonsmåla.

Overvakingsprogrammet for Sira skal gi grunnlag for å evaluere måloppfyllinga. Dersom det viser seg at måla ikkje vert nådd, skal Sira-Kvina i høve avtalen bidra til ytterligare forskning og tiltak for å oppnå desse. Dette inneber at det også er opning for å auke minstevasføringa dersom ein ikkje klarer å oppnå måla med andre tiltak. Konesjonsvilkår knytt til minstevasføring bør difor vera justerbare.

Spart produksjonsvatn

I høve konsesjonssøknaden vil ein kunne oppnå minstevasføringa i den frivillige avtalen ved å auke dagens slepp frå dam Handeland med 5,8 Mm³/år. Dette inneber eit produksjonstap på 6,1 GWh. Ei regulering av Ytre Skreåvatn med sjakt vil kunne spare produksjonsvatn tilsvarende 5,3 GWh/år. Netto produksjonstap vert i så høve redusert frå 6,1 GWh til 0,8 GWh.

Sirdal kommune har under utarbeiding og godkjenning av den frivillige avtalen og i høyringsuttalen til revisjonsdokumentet lagt vekt på at prosjektet i Ytre Skreåvatn bør kunne sjåast i eit større energi- og miljøperspektiv. Denne vurderinga var basert på eit anslått produksjonstap på 50 GWh/år ved slepp av minstevasføringa frå dam Handeland. Sira-Kvina bekrefta dette anslaget i ein e-post til kommunen den 13.06.2016.

I konsesjonssøknaden er det ved utbygging av alternativ 1. lagt til grunn ei innsparing på 5,3 GWh. Reint energimesseg er dette på småkraftnivå. Rådmannen tykkjer ikkje lenger det vert riktig å leggja mykje vekt på det store energi- og miljøperspektivet i denne saka. Men, sett opp mot eit typisk småkraftprosjekt, er reguleringa av Ytre Skreåvatn framleis eit veldig godt prosjekt. Ein vinn att 5,3 GWh til ein utbyggingskostnad på 2,5 kr/kWh og bidreg samstundes til miljøforbetringar i både Skreå og Sira. Slå den.

Forslag til vedtak

Sirdal kommune stiller seg positiv til ei fornying av tidligare gitt konsesjon for regulering av Ytre Skreåvatn. Tiltaket inngår som ein viktig del av den frivillige avtalen mellom Sirdal kommune og Sira-Kvina kraftselskap. Ein ber NVE leggja til grunn den frivillige avtalen og sjå konsesjonssøknaden i samanheng med revisjonen av konsesjonsvilkåra.

Sirdal kommunen meiner at alternativ 1. med sjakt og nedtapping er det beste, då dette gjev størst reguleringsvolum og størst innsparing av produksjonsvatn ved dam Handeland.

Dersom overvakingsprogrammet syner at mål for vasskvalitet og funksjon ikkje vert nådd, og det ikkje er andre aktuelle tiltak for å oppnå desse, bør konsesjonsvilkåra knytt til minstevasføring kunne justerast.

Saksprotokoll i Utvalg for teknikk, landbruk og miljø - 14.11.2017 – PS sak 17/127.

Votering

Rådmannens forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

Sirdal kommune stiller seg positiv til ei fornying av tidligare gitt konsesjon for regulering av Ytre Skreåvatn. Tiltaket inngår som ein viktig del av den frivillige avtalen mellom Sirdal

kommune og Sira-Kvina kraftselskap. Ein ber NVE leggja til grunn den frivillige avtalen og sjå konsesjonssøknaden i samanheng med revisjonen av konsesjonsvilkåra.

Sirdal kommunen meiner at alternativ 1. med sjakt og nedtapping er det beste, då dette gjev størst reguleringsvolum og størst innsparing av produksjonsvatn ved dam Handeland.

Dersom overvakingsprogrammet syner at mål for vasskvalitet og funksjon ikkje vert nådd, og det ikkje er andre aktuelle tiltak for å oppnå desse, bør konsesjonsvilkåra knytt til minstevassføring kunne justerast.

Inge Hedenstad Stangeland
Rådmann

Sven Sandvik
Plan- og miljøkonsulent